



Fjordhesten AS
Falkangervegen 171
5108 HORDVIK

Dato: 17.03.2014
Vår ref.: 2014/11528-6
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om dispensasjon frå løyveplikt for tilbringarrute frå/til Sætregården

Vi viser til Dykkar brev av 06.03.14 med søknad om dispensasjon frå løyveplikt for tilbringarrute frå/til Sætregården.

Vedtak: Samferdselssjefen finn ikkje å godkjenne søknad av 06.03.14 frå Fjordhesten AS om dispensasjon frå løyveplikt for tilbringarrute frå/til Sætregården.

Grunngjeving: I yrkestransportforskrifta § 36 heiter det m.a følgjande: «*Løyvemyndigheten kan unnta persontransport i følgende tilfelle: a) Når det gjelder mindre enn 50 turer i året eller virksomheten drives i mindre enn 3 måneder i året og den er av mindre betydning og ikke skader annen persontransport.*»

Det er såleis fylkeskommunen sitt skjøn som avgjer om søknaden skal imøtekomast. Fjordhesten AS har i brev av 04.02.14 søkt om permanent ruteløyve for strekninga. Denne søknaden er under handsaming og vil bli endeleg avgjort av fylkesutvalet i møte 23.-24.04.14.

I vurderinga av saka har vi lagt vekt på at det er prinsipielt uheldig å gje dispensasjon for transport som det er søkt om permanent løyve for, og som skal handsamast politisk. Det vil i så fall vere ein måte å forskottere den politiske avgjersla i saka.

Klagerett: Dette er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram til vedkomande part. Ein eventuell klage skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Ein part har, med visse unntak, rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka.

Samferdselsavdelinga vil på førespurnad gje nærmare opplysningar om sakshandsaminga, klageregiane, eventuelt innsyn i dokumenta med vidare.

Rolf Rosenlund
Seksjonsleiar
e. f.

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.